

MANGNITUDE



MANGER MUSIKKLAG

MANGNITUDE

Manger Musikklag feirar 100 år i 2022, og ynskjer i jubileumsåret å markera dette på ulike måtar. Du held no ein dobbel jubileums-CD i handa. Heilt sidan Manger Musikklag vart inkludert på LP-utgjevinga frå EM for brassband i 1981, har plateinnspelningar vore ein viktig del av musikklaget si historie. «Altitude», den fyrste eigenproduserte plata, vart utgjeve på vinyl i 1982. Deretter fylgde kassetten «Spitfire» i 1985, før CD vart det føretrekte mediet med mellom anna «Circius» (1990), «The Binding of the Wolf» (1995), «Graffiti» (2001), «Tribute» (2003), «Dynamis» (2009), «Mangernetisk!» (2013) og «December» (2017).

Å velja ut musikk til eit prosjekt som dette krev nøye planlegging. Fyrst og fremst har det vore eit mål å ta med innspelningar som ikkje er tilgjengelege for strøyming på nett eller kjøp på CD. Det har også vore eit ynskje å teikna eit musikalsk bilete av Manger Musikklag si historie frå 1982 og fram til i dag, og ikkje minst

har ein håpt å laga ei plate kor alle tidlegare og noverande medlemmar kan finna noko dei identifiserer seg med.

Dirigentar, komponistar, arrangørar og solistar har det vore uhorveleg mange av i Manger Musikklag si historie. Sentrale, markante skikkelsar som Michael Antrobus, Tom Brevik, David King, Helge Haukås, Kim Lofthouse, Bjørn Nessen Sagstad, Allan Withington, Martin Philip Winter, Peter Sebastian Szilvay, Ray Steadman-Allen og Torstein Aagaard-Nilsen er alle inkluderte på denne utgjevinga. Det er også solistar som Rune Gundersen, Helga Vetås, Jarnfrid Gunnarson, Thor-Arne Pedersen, Camilla Sørderstrøm Tveit, Kjetil Morken og mange fleire.

*Med beste helsing
Bent Erik B. Røed, Espen Wallacher Haukås
og Ida Hjelmeland*

CD1

1. ALTITUDE (George Benjamin)

Dirigent: Michael Antrobus

Frå: Altitude, LP, 1982

Sir George William John Benjamin (1960-) byrja å komponera musikk allereie som 7-åring, og studerte komposisjon med Olivier Messiaen ved Conservatoire de Paris frå han var 15 år gamal. ALTITUDE skreiv han sumaren 1977 på bestilling frå Elgar Howarth og Crimethorpe Colliery Band. Då Manger Musikklag og Michael Antrobus i 1982 gjekk i studio for å spela inn sin fyrste LP, vart ALTITUDE både hovudverket på plata og tittel på utgjevinga. Musikken skildrar ein imaginær kamp i ekstrem høgd; han er kald, einsam og roleg, men likevel rask og mobil.

2. ARIA (Sigmund Groven, arr. Tom Brevik)

Solistar: Rune Gundersen (kornett) og Steinar Brevik (horn)

Dirigent: Kim Lofthouse

Frå: Circius, CD, 1990

Den norske munnspeleartisten Sigmund Groven (1946-) har, i tillegg til ei imponerende solistkarriere, også hatt ei komponistkarriere

som omfattar meir enn 350 større og mindre verk. ARIA skreiv han til si eiga plateutgjeving med same namn i 1988. Tom Brevik, ein svært sentral skikkelse i den norske brassbandrørsla, har skrive dette vakre arrangementet for brassband. Rune Gundersen, mangeårig prinsipalkornettist i Manger Musikklag og Steinar Brevik, dåverande solohornist, spelte inn denne nydelege duetten i Grieghallen i 1990. ARIA har, ikkje minst takka vera denne innspelinga, etablert seg som standardrepertoar for norske brassband.

3. HANEN STEND PÅ STABBURSELLA

(Trad., arr. Torstein Aagaard-Nilsen)

Dirigent: Helge Haukås

Frå: Tribute, CD, 2003

Torstein Aagaard-Nilsen har skrive dette flotte arrangementet over den tradisjonelle folketonen HANEN STEND PÅ STABBURSELLA. Dette er eit av Aagaard-Nilsen sine tidlege arrangement for brassband, og det er framleis ein sikker vinnar blant publikum. For Manger Musikklag har stykket jamt og trutt vore på repertoaret, og under USA-turneen i 1998 var det alltid morosamt å høyra dirigent Kim Lofthouse introdusera låta med si

eiga omsetjing av tittelen. I denne innspelinga, som er gjort på NRK på Minde i Bergen, dirigerer Helge Haukås ei av sine mange innspelingar med Manger Musikklag.

4. SYMPHONY OF THANKSGIVING

(Dean Goffin)

Dirigent: Helge Haukås

Frå: Tribute, CD, 2003

Det er usemje knytt til opphavet til dette verket. Cyril R. Bradwell, Dean Goffin sin biograf, hevdar at det originalt vart skriva til Wellington South Band, frå New Zealand. Andre meiner at SYMPHONY OF THANKSGIVING var skriva til Frelsesarmeen og 60-årsjubileet til The International Staff Band. Jubileet vart feira i 1951, og Sir John Dean Goffin (1916-1984) hausta stor anerkjenning for komposisjonen. Biografien om Goffin sitt liv kom ut i 1994. Tittelen er «Symphony of Thanksgiving: The Life and Music of Commissioner Sir Dean Goffin». At dette er ei av dei største perlene innan frelsesarmésjangeren, er det likevel stor semje om.

5. CONCERTO FOR BAND, Op. 82 (John Golland)

Dirigent: David King

Frå: The Binding of the Wolf, CD, 1995

John Golland (1942-1993) vert i dag hugsa for komposisjonane sine for brassband. To konsertar for euphonium, ein flygelhornkonsert og titlar som SOUNDS, PEACE og ARIA er kjende for mange. CONCERTO FOR BAND er skriva i ein stil som er typisk for Golland sine originalverk for brassband. Stykket blei skriva i 1989-90 til Markus Bach og det sveitsiske nasjonale ungdomsbrassbandet. Sjølv om CD-en «The Binding of the Wolf» ikkje blei utgjeve før i 1995, var Manger Musikklag og dirigent David King i studio allereie i september/oktober 1992. Innspelinga gjekk føre seg på Manger Folkehøgskule.

6. A NIGHT IN JUNE (SERENADE)

(Karl L. King, arr. Bent Erik B. Røed)

Solist: Thor-Arne Pedersen (euphonium)

Dirigent: Helge Haukås

Frå: Tribute, CD, 2003

Karl Lawrence King (1891-1971) vert fyrst og fremst hugsa som marsjkomponist, men han skriva også mange andre verk for korps. A NIGHT IN JUNE, komponert allereie i 1912, dediserte han til sin gode ven, euphoniumsolisten Vic Graham. King si kone, Ruth, som hadde bursdag i juni, rekna

dette som favorittkomposisjonen sin. King, som sjølv spelte euphonium profesjonelt i starten av karrieren sin, var også svært glad i sitt eige stykke. Bent Erik Bråten Røed spelte euphonium i Manger Musikklag frå 1998-2010. Han skriva dette arrangementet spesielt til Thor-Arne Pedersen, som her får vist fram sin fantastiske, lyriske spelestil og eit imponerende register i denne klassiske, amerikanske euphoniumsoloen.

7. JEGERMARSJ IR 18

(Leif G. Orvan, arr. Helge Haukås)

Dirigent: Helge Haukås

Frå: Tribute, CD, 2003

Denne militærmarsjen er komponert av Leif Gunnar Orvan (1900-1956). Helge Haukås, som også dirigerer på TRIBUTE-plata, har instrumentert stykket for brassband. Stilistisk er JEGERMARSJ IR 18 lik mange andre norske marsjar, og den er i nær slektskap med VALDRESMARSJ (Johannes Hanssen) og BOJARENES INNTOGSMARSJ (Johan Halvorsen). IR 18 er kort for Infanteriregiment nr. 18.

8. THE SUBMERGED CATHEDRAL [LIVE]

(Claude Debussy, arr. Howard Snell)

Dirigent: Martin Phillip Winter

Frå: Landsfestivalen/Midnattskonsert, Nidarosdomen, 2014

Martin Phillip Winter har dirigert Manger Musikklag i ei årrekke, og sjølv om han nok er mest kjend for sine bidrag under Siddis Brass, så får han her verkeleg vist fram kva for ein formidabel dirigent han er. Ekstra artig er det å oppleve at Martin dirigerer eit arrangement av mentoren sin gjennom mange år, Howard Snell. THE SUBMERGED CATHEDRAL (LA CATHÉDRAL ENGLOUTIE) er opphavalet eit preludium frå 1910 skriva for solo piano av den franske komponisten Claude Debussy (1862-1918). Dette preludiet er eit godt døme på impresjonismen som Debussy var ein del av, ved at det er ei musikalsk skildring av, eller antydning til, eit bilete eller ein idé. Debussy ga ofte namn til stykka sine i samsvar med biletet som han hadde til hensikt å mana fram.

**9. RECITATIVO ACCOMPAGNATO frå
CANTIGAS [LIVE] (Torstein Aagaard-Nilsen)
Solist: Camilla Spøderstrøm Tveit (basstrombone)
Dirigent: Robert Childs
Frå: NM for brassband, 2006**

Satsing på ny musikk har vore eit varemerke for Manger Musikklag heilt sidan midten av 1980-talet, då korpset saman med Michael Antrobus gjorde mange uframføringar av både norske og utanlandske komponistar sin musikk. Dette er eit prosjekt som heldt fram den dag i dag, meir enn 40 år seinare. Torstein Aagaard-Nilsen sitt samarbeid med Manger Musikklag har vore ein vesentleg del av korpset sin suksess også på denne fronten. Han har skrivne mange verk til og for Manger Musikklag, men bestillingsverket CANTIGAS markerte fyrste gongen Aagaard-Nilsen skreiv eit NM-stykke til Manger Musikklag. Komponisten skriv dette om den andre satsen:

«**RECITATIVO ACCOMPAGNATO:** *Basstrombone overtar solistrollen. Satsittelen er hentet fra operaverdenen, der en solist ikke synger en melodi (arie), men resiterer ledsaget av et stillestående akkompagnement.*»

**10. HÅKONSIANA (Ketil Hvoslef)
Ten-piece
Dirigent: Bjørn Nessen Sagstad
Frå: Graffiti, CD, 2001**

Ketil Hvoslef (1939-) er ein av Noreg sine fremste, nolevande komponistar. Han har ein stor produksjon av verk for soloinstrument, ulike kammerbesetningar, fleire større orkesterverk, solokonsertar, ein trippelkonsert, ein kammeropera og ein heilftans opera, BARABAS. Hvoslef har skrivne fleire stykke for messingensemble. HÅKONSIANA er instrumentert for ten-piece. Det er ein overture komponert til sogespela om Håkon den Gode. Desse sogespela har vore fordelt på fire ulike stadar i det som tidlegare var Hordaland, og HÅKONSIANA har fungert som overture alle stadane. Musikken speglar Hvoslef sin sans for rytmikk og utvikling. Dette skaper ein driv og intensitet som gjer at lyttaren vert riven med.

**11. STREIF AV SOL (Agathe Backer Grøndahl,
arr. Tom Brevik)
Solistar: Bjørn Nessen Sagstad (kornett) og
Jarnfrid Gunnarson (kornett)
Dirigent: Kim Lofthouse
Frå: Circius, CD, 1990**

Agathe Ursula Backer Grøndahl (1847-1907) hadde ein sterk posisjon i den perioden som gjerne vert kalla for gullalderen i norsk musikkhistorie. Ho var pianist av internasjonalt format, og sette ein høg standard for komande pianistgenerasjonar. Som ein av våre mest produktive komponistar stod ho, som einaste kvinne, i fremste rekke blant norske toneskaparar i samtida si. ENDNU ET STREIF KUN, Op. 70, her under tittelen STREIF AV SOL, er opphavelig skrivne for song og piano. Ein av dei tidlegaste soloinnspelingane ein kjenner til med operasongaren Kirsten Flagstad, er nettopp av denne vakre songen. Tom Brevik sitt arrangement for kornettduett og brassband har etablert seg som standardrepertoar, og mange kjenner nok til songen fyrst og fremst på grunn av denne brassbandversjonen.

**12. FANITULLEN (Ole Olsen, arr. Tom Brevik)
Dirigent: Kim Lofthouse
Frå: Circius, CD, 1990**

Ole Olsen (1850-1927) var ein norsk komponist, organist, dirigent og militærmusikar. Han vart fødd i Hammerfest, men hadde, etter studium i Leipzig, sitt profesjonelle virke i Oslo. Mellom anna var han dirigent for det som no er kjend

som Forsvarets Stabsmusikkorps. Han hadde ein enorm produksjon og var nær ven og kollega med komponistar som Edvard Grieg, Christian Sinding, Agathe Backer Grøndahl, Johan Halvorsen og Johan Svendsen. Ole Olsen vart også slått til riddar av St. Olavs Orden av fyrste klasse for si kunstnariske verksemd. Tom Brevik skreiv dette arrangementet av FANITULLEN, opphavelig eit virtuost pianostykke, spesielt for Manger Musikklag.

**13. YORKSHIRE FEAST SONG & RONDEAU [LIVE]
(Henry Purcell, arr. Martin Phillip Winter)
Dirigent: Martin Phillip Winter
Frå: Siddis Brass, 2021**

Henry Purcell (1659-1695) var ein engelsk organist og komponist. Sjølv om han inkorporerte italienske og franske stilelement, var Purcell sin stil ei unik engelsk form for barokkmusikk. Ingen seinare innfødde engelske komponistar nærma seg hans heider før Edward Elgar, Ralph Vaughan Williams, Gustav Holst, William Walton og Benjamin Britten på 1900-talet. Winter sin versjon av YORKSHIRE FEAST SONG & RONDEAU startar i si originale form, men rondeauen vert svært påverka av at Purcell duppar av og drøymmer seg bort til ei

kvit strand i Rio de Janeiro. Dei søramerikanske rytmene smittar over på den barokke melodien, og trombonane får ei sentral rolle i komponisten sitt draumeopphald i Brasil.

CD2

1. INTRODUCTION [LIVE]

(Torstein Aagaard-Nilsen)

Dirigent: Tom Brevik

Frå: Trittico for Brass Band - Highlights from European Brass Band Championship, CD, 1989

Dette briljante, virtuose opningsstykket vart bestilt av Manger Musikklag i høve EM for brassband i Bergen i 1989. Komponisten skriv sjølv:

«Jeg siterer et par norske folketoner for å forsøke å lage et musikalsk bilde av vikingene som løper fra kysten for å delta i kamp. De pleide å drikke en alkoholholdig drikk laget blant annet av sopp for å forebygge smerte og frykt, og de gikk fullstendig berserk!»

INTRODUCTION vert i dag spelt av brassband og janitsjarkorps over heile verda. I 1990 skreiv Aagaard-Nilsen ENTRADA (INTRODUCTION

No. 2), i 1991 skreiv han ARCTIC FUNK (INTRODUCTION No. 3) og i 1998 kom PANG! (INTRODUCTION No. 4).

2. TRYGG I FARE (Trad., arr. Ray Steadman-Allen)

Dirigent: Kim Lofthouse

Frå: Circius, CD, 1990

Raymond Victor Steadman-Allen (1922-2014) hadde ein heilt enorm produksjon bak seg då han døydde 92 år gamal. I tillegg til over 200 brassbandverk utgjevne av Frelsesarmeen, skreiv han ei rekke korverk og ei stor mengd komposisjonar og arrangement for ulike besetningar i manuskriptform som ofte vart ferdigstilte for innspelningar eller spesielle konsertpresentasjonar. Samarbeidet med Manger Musikklag kan ein spora tilbake til 1980-talet, og i februar 1989 dirigerte han sjølv urframføringar av verka hans EXPRESSIONS og TRYGG I FARE.

3. BARN DANCE & COWBOY HYMN

(Philip Sparke)

Dirigent: Helge Haukås

Frå: Tribute, CD, 2003

Philip Sparke (1951-) vart fødd i London og

studerte komposisjon, trompet og piano ved The Royal College of Music. Under studia starta brassbandinteressa hans for fullt, og han har sidan skrive umåteleg mange store og små verk for denne ensembletypen. Mange av Sparke sine verk for brassband inngår i det klassiske brassbandrepertoaret, og han er eit kjend namn for alle som likar brassbandmusikk. BARN DANCE & COWBOY HYMN høyrer til den lettare delen av repertoaret. Musikken fangar stemninga frå tida då cowboyane reid på prærien.

4. EG VEIT I HIMMERIK EI BORG [LIVE]

(Trad., arr. Torstein Aagaard-Nilsen)

Solist: Erlend Aagaard-Nilsen (trompet)

Dirigent: Peter Sebastian Szilvay

Frå: Julekonsert, Manger kyrkje, 2011

Salmen EG VEIT I HIMMERIK EI BORG har røter tilbake til Tyskland på 1500-talet. Han finst i fleire versjonar, men melodien som vert brukt i Noreg er ein folketone frå Hallingdal. Dette arrangementet skreiv Torstein Aagaard-Nilsen til sin eigen son. Erlend Vetås Aagaard-Nilsen jobbar til dagleg som trompetist i Kringkastingsorkesteret, men har mange år bak seg som kornettist i Manger Musikklag. Han

har fått mange verk for trompet skrive til seg, og debutplata hans «Perpetuum Trompetuum» (LAWO Classics) fekk strålende kritikkar.

5. TRIBUTE (James Curnow)

Dirigent: Helge Haukås

Frå: Tribute, CD, 2003

James Curnow (1943-) er ein amerikansk komponist. Han har skrive fleire hundre bestillingsverk for janitsjarkorps, brassband, orkester, kor og ulike vokal- og instrumentensemble. Denne fabelaktige konsertmarsjen vart skriven til Manger Musikklag sitt 70-årsjubileum i 1992.

6. STILLE STUND

(Trad., arr. Torstein Aagaard-Nilsen)

Solist: Helga Vetås (euphonium)

Dirigent: Kim Lofthouse

Frå: Circius, CD, 1990

Helga Lovisa Vetås var i fleire tiår knytt til Manger Musikklag. Hennar fenomenale euphoniumklang er vidt kjend, og denne innspelninga frå 1990 er ein glimrande dokumentasjon på nettopp det. Torstein Aagaard-Nilsen si STILLE STUND (A MOMENT

OF SILENCE) er ei vakker, stemningsfull, nærast melankolsk omarbeiding av den norske folketonen HERR OLE.

7. NOCTURNE (Torstein Aagaard-Nilsen)

Dirigent: Helge Haukås

Frå: The Binding of the Wolf, CD, 1995

Dette stykket komponerte Aagaard-Nilsen hausten 1990 på bestilling frå Bjørn Nessen Sagstad og Manger Skulemusikklag. Sagstad ynskte eit roleg, klangprega stykke. Resultatet vart NOCTURNE. Ein nokturne er ein musikalsk komposisjon som er inspirert av natta, ofte med romantisk karakter og svermerisk, drøymande innhald.

8. HARMONY MUSIC [LIVE] (Philip Sparke)

Dirigent: David King

Frå: NM for brassband, 1994

HARMONY MUSIC vart skrivne til Nationals i 1987 og etablerte seg raskt som eit sentralt verk i brassbandrepertoaret. Manger Musikklag har framført HARMONY MUSIC ved fleire høve. Noregsmeisterskapen for brassband i 1994 markerte starten på ein utruleg NM-periode for Manger Musikklag og dirigent David King. Fire

sigrar på rad i elitedivisjonen var på den tida nokså sensasjonelt.

9. ALT LEGGER FOR DIN FOT [LIVE]

(Halfdan Kjerulf, arr. Tom Brevik)

Dirigent: Tom Brevik

Frå: Trittico for Brass Band - Highlights from European Brass Band Championship, CD, 1989

Halfdan Kjerulf (1815-1868) var ein norsk komponist og kordirigent som i dag er mest kjend for sine mange romansar og korsongar. Tom Brevik arrangerte ALT LEGGER FOR DIN FOT til Manger Musikklag. Stykket vart mellom anna brukt i høve EM for brassband i Bergen i 1989. Som med så mange av Brevik sine nydelege arrangement har ALT LEGGER FOR DIN FOT blitt ein kjær del av repertoaret for mange brassband og janitsjarkorps.

10. ALLEGRO CONCERTANTE (Marcus Paus)

Solist: Andreas Heier Røe (pauker)

Dirigent: Bjørn Nessen Sagstad

Frå: Graffiti, CD, 2001

Den norske komponisten Marcus Paus (1979-) er fødd og oppvaksen i Oslo. Han studerte komposisjon ved Norges Musikkhøgskole og er

ein av Noreg sine mest produktive komponistar. Han har skrivne orkester-, scene-, film-, kammer-, piano-, solo- og kormusikk. ALLEGRO CONCERTANTE, hans fyrste verk for brassband, skreiv han i 2000 til dåverande paukist i Manger Musikklag, Andreas Heier Røe. Stykket vart urframført på Autunnalefestivalen i 2000. Paus sa i høve «Graffiti»-innspelingsa fylgjande:

«Mitt første verk for brassband og min avskjed til mine første tjue leveår. Dette verket er en herald til stolthet og steilhet, og til det stolteste og steileste av alt i norsk kulturliv; brassbandbevegelsen!»

11. THE LARK IN THE CLEAR AIR

(Trad., arr. Gordon Langford)

Solist: Kjetil Morken (esskornett)

Dirigent: Helge Haukås

Frå: Tribute, CD, 2003

I dette klassiske arrangementet av Gordon Langford får Kjetil Morken vist kva for ein utmerka esskornettist han er. Dette opptaket er ein dokumentasjon på Morken sin unike spelestil. Teksten til den folkekjære melodien lyder slik: «Dear thoughts are in my mind, and my soul soars enchanted as I hear the sweet lark sing in the clear air of the day». Solisten får

fram essensen i denne teksten gjennom si vakre, fortryllande speling.

12.-14. DAPHNIS AND CHLÖE

(SECOND SUITE) [LIVE]

(Maurice Ravel, arr. Howard Snell)

LEVER DU JOUR – PANTOMIME – DANSE GÉNÉRALE

Dirigent: Allan Withington

Frå: World Music Contest, 2013

Manger Musikklag vann World Music Contest 2013 i Kerkrade, Nederland. Etter å ha slått Cory Band og Brass Band Treize Etoiles, kunne Manger Musikklag og dirigent Allan Withington returnera frå Nederland som velfortjente, nybakte verdsmeistrar. DAPHNIS AND CHLÖE er ein ballett i éi akt med tre delar, komponert av franskmannen Maurice Ravel (1875-1937). Ravel skreiv sjølv to orkestersoniter basert på balletten. Den andre av desse suitene, som inkluderer mykje av den siste delen av balletten og vert avslutta med DANSE GÉNÉRALE, er spesielt populær. Det er denne som Howard Snell har arrangert på meisterleg vis for brassband.

CD1

STYKKE	FRÅ	LENGDE	KOMPONIST/ARRANGØR	DIRIGENT	ÅR
1. Altitude	Altitude	9:18	George Benjamin	Michael Antrobus	1982
2. Aria <i>Rune Gundersen (kornett) & Steinar Brevik (horn)</i>	Circius	3:39	Sigmund Groven, arr. Tom Brevik	Kim Lofthouse	1990
3. Hanen stand på stabburshella	Tribute	2:35	Trad., arr. Torstein Aagaard-Nilsen	Helge Haukås	2003
4. Symphony of Thanksgiving	Tribute	9:55	Dean Goffin	Helge Haukås	2003
5. Concerto for Band, Opus 82	The Binding of the Wolf	16:46	John Golland	David King	1995
6. A Night in June (Serenade) <i>Thor-Arne Pedersen (euphonium)</i>	Tribute	4:58	Karl L. King, arr. Bent Erik B. Røed	Helge Haukås	2003
7. Jegermarsj IR 18	Tribute	2:27	Leif C. Orvan, arr. Helge Haukås	Helge Haukås	2003
8. The Submerged Cathedral	Landsfestivalen/Midnattskonsert Nidarosdomen [LIVE]	7:14	Claude Debussy, arr. Howard Snell	Martin Phillip Winter	2014
9. Recitativo accompagnato <i>Camilla Sørderstrøm Tveit (basstrombone)</i>	NM	3:20	Torstein Aagaard-Nilsen	Robert Childs	2006
10. Håkonsiana	Graffiti	6:26	Ketil Hvoslef	Bjørn Nessen Sagstad	2002
11. Streif av sol <i>Bjørn Nessen Sagstad (kornett) & Jarnfrid Gunnarson (kornett)</i>	Circius	1:58	Agathe Backer Grøndahl, arr. Tom Brevik	Kim Lofthouse	1990
12. Fanitullen	Circius	1:31	Ole Olsen, arr. Tom Brevik	Kim Lofthouse	1990
13. Yorkshire Feast Song & Rondeau	Siddis [LIVE]	4:43	Henry Purcell, arr. Martin Phillip Winter	Martin Phillip Winter	2021

CD2

	STYKKE	FRÅ	LENGDE	KOMPONIST/ARRANGØR	DIRIGENT	ÅR
1.	Introduction - urframføring	EM	2:28	Torstein Aagaard-Nilsen	Tom Brevik	1989
2.	Trygg i fare	Circius	8:28	Trad., arr. Ray Steadman-Allen	Kim Lofthouse	1990
3.	Barn Dance & Cowboy Hymn	Tribute	3:37	Philip Sparke	Helge Haukås	2003
4.	Eg veit i himmerik ei borg <i>Erlend Aagaard-Nilsen (trompet)</i>	Julekonsert [LIVE]	5:01	Trad., arr. Torstein Aagaard-Nilsen	Peter Sebastian Szilvay	2011
5.	Tribute	Tribute	2:59	James Curnow	Helge Haukås	2003
6.	Stille stund <i>Helga Vetås (euphonium)</i>	Circius	4:21	Torstein Aagaard-Nilsen	Kim Lofthouse	1990
7.	Nocturne	The Binding of the Wolf	3:53	Torstein Aagaard-Nilsen	Helge Haukås	1995
8.	Harmony Music	NM	14:50	Philip Sparke	David King	1994
9.	Alt legger for din fot	EM	3:20	Halvdan Kjerulf, arr. Tom Brevik	Tom Brevik	1989
10.	Allegro Concertante <i>Andreas Heier Røe (pauker)</i>	Graffiti	6:03	Marcus Paus	Bjørn Nessen Sagstad	2002
11.	The Lark in the Clear Air <i>Kjetil Morken (esskornett)</i>	Tribute	4:13	Trad., arr. Gordon Langford	Helge Haukås	2003
12-14.	Daphnis and Chlōe (Second Suite)	World Music Contest [LIVE]		Maurice Ravel, arr. Howard Snell	Allan Withington	2013
	<i>i. Lever du Jour</i>		5:25			
	<i>ii. Pantomime</i>		5:46			
	<i>iii. Danse Générale</i>		4:51			



*Manger Musikklag i Grieghallen 1982, året
ALTITUDE vart spelt inn*



*Torstein og Peter i samtale under øving til NM
2013; sjølvvald verk var CANTIGAS*



*Manger Musikklag framfor
Royal Albert Hall i 1979*



*Manger Musikklag
anno 1929*

*Manger Musikklag i Grieghallen,
jubileumsåret 2022*

